



FJELLSTØYL

Hylebu, Tokke

Hyggeleg lita hytte
Enkel standard

Fin tomt
Gode soltilhøve og utsikt

Gode fiskemoglegheiter
**Kort avstand til
Hylebuhylen og Gausbu**

gnr. 138 bnr. 8



OPPLYSINGAR

Eigedomen er ei hytte med eigedomstomt som ligg på nordsida av Hylebuhylen. Adkomst er frå fylkesvegen mellom Åmdals verk – Skafså krk og vidare på ein privat veg ca 7 km.

Her er ei parkeringslomme og vidare på sti ca 100 m fram til hytta.

Det er ikkje innlagt straum eller vatn i hytta, men det er straum i området.

Det ligg ei nabohytte med avstand 20 m – dette var opprinneleg ei tomt på 1 da med to hytter.

Tomta er delt, og no i 2024 nyoppmålt til 596,7 m² til 138/8.

BYGNINGAR

Hytte i reisverk frå 1960/61 utv mål ca 37 m². Grunnmur betongblokker og stålplatetak. Innheld: overbygd inngangsparti, vedbod, enkelt biotoalett totalt ca. 9 m². Stoge m/kjøkkenkrok ca 14 m², soverom ca 8 m². Takhøgde ca 220 cm/ca212 cm under bjelker.

Panel på veggjar og tregolv. Enkle to rams vindauge.

Kjellerlem til krypkjellar for oppbevaring av matvarer





VEG

Den private vegen ein nyttar er ein veg som gjeng til Hylebu og Gausbu dam. Denne er vedlikehalden av Skafså Kraftverk ANS, og ein har bruksrett til denne mot ei årleg avgift på pt ca. kr 500,-. I seinare tid har vegen blitt vinterbrøyta, og dette er eit spleiselag i høve kostnad.

VATN/SANITÆR

Ein må hente vatn frå Hylebuhylen ca 60 m. Ingen avløp i hytta. Det er ein enkel formoldingsdo med eit tett kammer/bøtte (svært lite volum).

OPPVARMING

Det er enkel vedovn for oppvarming. Pipe/brannmur er oppgradert i seinare tid med ny pipehatt



VERDIVURDERINGSKOMMENTAR

Hytta ligg på ei svært fin tomt, sørvendt med god solgang. Fin utsikt mot Hylebuhylen. Skrin mark i området med enkle furutre.

Det er eit moment i høve verdi at ein er nær nabohytte.

Hytta ligg på flat fjellgrunn og med ein betongsteinmur med ein krypkjellar - pillarar under vindfang.

Dimensjonering av reisverk/bjelkelag frå det som var krav/typisk på den tid (1960).

Det gjeld vel og isolasjon utan at ein kan stadfeste det - ikkje etter dagens krav.

Vindaugo er enkle og er ein del nedslitt . Bølgeblikktaket har ein del rust og bør behandlast.

Kledning er ein del målingslitt og på vestvegg er det liten avstand mellom bord/terreng. Bør sjå på endebord ved synfaring.

Det er ikkje montert takrenner, og dette er negativt for endebord på sørvegg.

Det er krypkjellar under hytta og via kjellarlem er det grei adkomst for inspeksjon

KONKLUSJON

Dette er ei lita hytte, svært enkel, på ei fin tomt med moglegheiter for utviding av hytta.

Tilkopling til straum og terreng egna for bilveg fram

Er ein opptatt av lite fotavtrykk/enkel livstil kan hytta nyttast som den er.



Hytta er autentisk med tidstypisk innreining, og har hatt normalt vedlikehald.

Dette er ei original lita retrohytte, 60-tals - med sjel.

